



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykker:
Vår: 18/3587 - 19/9779

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
25.03.2019

Oversender søknad om utsleppsløyve etter kapittel13 til uttale - gbnr 62/47 m fl Tofting

Tiltak: Felles avløpsanlegg
Byggjestad: Gbnr: 62/47
Tiltakshavar: Sameiet Toftinganeset Avløpsanlegg
Ansvarleg søker: Delta Bolig Prosjektering AS

Utsleppet

Saka gjeld søknad om utvida utsleppsløyve for felles avløpsanlegg , som vert utvida frå 15 til 75 PE .

Fellesanlegget er bygd etter utsleppsløyve frå 2002, der vilkåret var at tilknyting over 15 pe utløyser krav om nytt utsleppsløyve. Anlegget vart først etablert med mellombels pumpeleidning i Kastevågen fram til kum ved bruha, for dei første hyttene som vart tilknytt. Seinare vart det lagt sjølvfallsleidning og pumpeleidning på land langs internvegen i hyttefeltet Denne søknaden omfattar ingen nye inngrep . Kvar eigedom har/skal ha separate slamavskiljarar tilgjengeleg for tömming av vanleg slamtømmebil.

Plassering

av anlegget er vist i vedlegg 4 med innmålte data . Eit meir detaljert kart blir ettersendt når anlegget er lagt inn i grunnkartet.

Planstatus

Anlegget ligg delvis i regulert hytteområde på Tofting , delvis i LNF og delvis i sjø i Kommuneplan for Lindås 2011 – 2023. Resten av sjøleidningen og utsleppspunktet ligg innafor KOMMUNEDELPLAN FOR LINDÅSOSANE, LYGRA OG LUREFJORDEN. Begge planane opnar for legging av leidningar i sjø i føresegnene.

Dispensasjon

Sidan anlegget alt er opparbeidd og nedgrave i LNF-området, i samsvar med tidlegare godkjent søknad, vil kommunen ikkje kreva dispensasjonssøknad i samband med utviding av anlegget.

Forhold til naboar og grunneigarar i traséen

Dispensasjonssøknaden er ikke nabovarsla. Kommunen vurderer nabovarsling som unødvendig. Arbeidet med anlegget er for lengst utført. Alle som er berørt, er partar i saka; som eigalar av anlegget og/eller gjennom grunnavtale.

Organisering og eigarskap

Organisasjonsnummer:	922 054 576
Navn/foretaksnavn:	SAMEIET TOFTINGANESET AVLØPSANLEGG
Organisasjonsform:	Tingsrettslig sameie
Forretningsadresse:	c/o Eirik Moe Helleveien 237C 5039 BERGEN
Kommune:	BERGEN
Postadresse:	
Registrert i Enhetsregisteret:	14.01.2019
Stiftelsesdato:	23.12.2018
Virksomhet/art/bransje:	Sameierne eier fellesavløpsanlegg på Toftinganeset. Det inkluderer 2 pumpekummer, pumpaledning og utslipps løyve

Anna lovverk

Hamnelova .

Bergen og Omland Havnevesen gav løyve til legging av leidning i sjø 21.05.2002. Ref HAV-02-5433-4.

Plan - og bygningslova

Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-3 er motteken ok vert handsama i eiga sak.

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg

I utgangspunktet skal avløpsanlegg over 50 PE eigast og driftast av kommunen. Kommunen si VA-avdeling må seia noko om korleis kommunen stiller seg til avløpsanlegg av denne storleiken i privat eige. VA-avdelinga har tidlegare tilrådd denne løysinga

Miljøretta helsevern

i kommunen får søknaden til uttale

Høyring

før kommunen handsamar utslepssøknaden, ber vi om dykkar uttale.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om utslepp og løkke til tiltak - gbnr 62/43 m.fl. Tofting

1_Søknad om utslipp kap 13

2_vedlegg A Dokumentasjon fra fagkyndig

3_vedlegg C Beskrivelse av anlegget

4_Vedlegg E Va kart

5_Vedlegg E Va kart

6_Vedlegg E Koordinatliste Toftinganeset

7_vedlegg F berørte eiendommer

redegjørelse

12_avtale fra grunneiere

Oversender søknad om utsleppsløkke kapittel13 til uttale - gbnr 6247 m fl Tofting

Kopi til:

Delta Bolig Prosjektering AS	Grøvlesvingen 29	5108	HORDVIK
Sameiet Toftinganeset Avløpsanlegg	c/o Eirik Moe	5039	BERGEN
	Helleveien 237C		

Mottakarar:

Bergen og Omland Havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Lindås kommune - Miljøretta helsevern			
Lindås kommune - Teknisk drift VA			